

## **Innspel frå Råd for Funksjonshemma til planprogrammet for kommuneplanen sin samfunnsdel**

20 år er lang tid. Kvifor er det ikkje 12 år slik som det skal vera i kommuneplanen?

Me vil påpeike at universell utforming må liggje til grunn på alle område i planen. Dette må vera gjennomgåande i planen.

Me kommenterer nokre av punkta i planen.

- Fitjar i berekraftig vekst. Her må man få inn noko om at det er viktig å skaffa arbeid, tilpassa arbeid eller andre gode dagaktivitetstilbod til alle som treng det. Samarbeide med NAV og andre instansar. Få folk over frå trygd til arbeid. Må ha fokus på personar som fell utafør.
- Bulyst og levende sentrum. Aktiv jobbing for å få tilflytting. Aktiv jobbing for å behalda nyrekruttering til bygdene. Korleis få folk til å bu her (alle aldersgrupper) og til å feriere her? Næringsliv i bygdene – skule, barnehage mm Me ville vel kalla punktet «Levande sentrum og levande bygder»
- Smarte kommunale tenester. Her står det overraskande lite. Samstundes er dette eit stort og omfattende område som alltid er ei stor utfordring for kommunen med tanke på kompetanse og økonomi! Skule, helse, omsorg. Me meiner at dette punktet burde vore delt opp i fleire andre punkt.
- Mangfald. Også her er det viktig å ha fokus på at tilbod må kunne tilpassast. Ikkje alle kan vera med på ordinære tilbud.

Punkt me meiner bør med i planen.

- Oppvekst – ein oppvekst der alle opplever meistring, tilhørigheit og inkludering.
- Eldre
- Helse og omsorg
- Kompetanse og rekruttering.
- Offentlege tenester, god tilgang på offentlege tenester, fysioterapeut, lege, tannlege mm.
- Folkehelse, førebygging, motivering og tilrettelegging
- Likestilling
- Samfunnstryggleik – beredskap

Me meiner at planen bør fokusera på innbyggjarane på måten ein formulerer seg. Som « Alle opplever trygghet ...» , «Alle har ein oppvekst der...» osv.

Råd for funksjonshemma

v/Kari Fjugstad Giske